

**Notat**Dato: 04.05.2018  
Arkivsak: 2016/1940-55  
Saksbehandlar: catmell

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen**Handlingsplan for forvaltningsrevisjon - forretningsdrift i vidaregåande skular del 2**

Fylkesrådmannen viser til sak PS 8/18 «Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2"» i fylkestinget 8.mars 2018 der fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.

Fylkesrådmannen har i tråd med vedtaket laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet. Handlingsplanen viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, kven som skal ha ansvaret for iverksettinga og frist for iverksetting. Det er etablert ei gruppe med representantar frå økonomi- og organisasjonsavdelinga og opplæringsavdelinga som skal sikre at tiltaka i handlingsplanen vert gjennomført.

Handlingsplan:

<b>FUNN i rapport</b>	<b>Oppfølging</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Frist</b>
1. Etablere ein tydeleg definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd/forretningsdrift, og sikre at definisjonen blir gjort kjent på skulane	Sjå på moglege skilnader mellom oppdragsverksemd og forretningsdrift for fylket overordna, og sjå på moglegheita for å spesifisere skilnaden mellom oppdragsverksemd og forretningsdrift for opplæringsavdelinga.	Øk.org, Eigedom, Tannhelse, Opplæring	Q4 2018
2. Utarbeider ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventningar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.	Gjennomføre ei revidering av dagens retningsliner for oppdragsverksemd. Vurdere moglegheita for å tydelegere rektor sitt ansvar for forretningsdrift ved den enkelte skule. Må sikre at delpunkta i funn nr 5 vert inkludert.	Økoorg og Opplæring	Q1 2019

<p>3. Sikrar at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglementet og/eller andre relevante styringsdokument.</p>	<p>Gjennomgang og revidering av delegeringsreglementet i samband med fylkessamanslåinga.</p>	<p>Økonomi-avdelinga</p>	<p>Ref. frist på delprosjekt 6.2c) 31.12. 2018</p>
<p>4. Etablerer, og held ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.</p>	<p>Gjere ei vurdering av å ha ei slik oversikt. Vurdere hensiktsmessigheit og korleis ei slik oversikt skal bli oppdatert.</p>	<p>Opplæring</p>	<p>Q4 2018</p>
<p>5. Utarbeider, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Korleis forretningsdrift skal bli budsjettert</li> <li>b. Kva oppdrag skulane kan utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert</li> <li>c. Første fase av oppdragsfaktivering som skulen er ansvarleg for</li> <li>d. Riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva</li> <li>e. Eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryssubsidiering</li> <li>f. Rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn på skulane</li> </ol>	<p>Oppfølginga vert gjennomført under punkt 2.</p>	<p>Øk.org og Opplæring</p>	<p>Q1 2019</p>
<p>6. Gjennomgår praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurderer om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryssubsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.</p>	<p>Evaluerer praksis etter at punkta over er gjennomført for å sjå om det er nødvendig med fleire tiltak.</p>	<p>Økonomi- og organisasjon og Opplæring.</p>	<p>Q2 2019</p>